



«Me står saman for ein trygg oppvekst i eit aktivt og inkluderande læringsmiljø»

Hafslo, 10.11.24

Møte i FAU ved Hafslo barne- og ungdomskule

Torsdag 14.11.2024 kl.19:30 – 21.30 på gr.r. 222

Til stades: Anne Grethe Sønsthagen, Eirik Hoem, Janne Kjørlaug Grønbech, Linda M. Hagelin, Bjarni Valsson, Benedikte Fløtra Grøteig

Forfall: Tonje Været, Lars Olav Halleråker, Ine Jeanett Skjerven, Anne Grethe Lomheim

Rektor: Hilde Selland

Referent: Anne Grethe Sønsthagen

SAKSLISTE

10-2024/25	Godkjenning av referat frå sist møte (10.09.2024) Godkjent
11-2024/25	Skriv, meldingar og diverse info <ul style="list-style-type: none">- Fleirbrukskallen: På grunn av store investeringskonstnadar knytt til nytt helsehus i Gaupne, blir ikkje lovpålagnede investeringar utsett. Fleirbrukskallen inne i ein 10-årig økonomiplan, foreslått utsett til 2031- Kommunalt gatelys Galden-Botn: Lyset fungerer ikkje og har vore slik i om lag ein månad. Rektor har vore i kontakt med teknisk drift, utbyggjar for Botn som har ansvar. Har skjedd noko ved utgraving av gamle gangvegen.- Det kommande kommunebudsjettet. Er det aktuelt med høyringssvar? FAU ønskjer å sende inn ein merknad knytt til fleirbrukskallen der me oppfordrar til at denne ikkje blir utsett heilt til 2031. Eirik formulerer nokre setningar og sender til FAU. Til orientering så ligg ungdomsbases framleis inne i økonomidelen, viktig å halde oppe aktivitet fram til denne blir realisert. Litt lite aktivitet no, men samarbeid med Gaupne og det jobbast med å rekruttere fleire ungdommar til styret.

	<ul style="list-style-type: none"> - Referat SU 16.10.24: Eirik har vidaresendt referat frå møtet + UngData undersøkinga. Anbefalar å lese denne. - Resultat Ungdata-undersøkelsen i Luster: Ungdata-undersøkinga starta i 2017 på landsbasis, dette er den tredje som er gjennomført. Dyster lesing. Herverk, utfordringar knytt til psykisk helse, søvnmonster, auke i rus og hardare stoff i kommunen. I tillegg meldt om opplevd press. Alt heng saman. Ein positiv faktor er at fleire melder at foreldra føl dei opp. Skulen kjenner seg igjen i undersøkinga – mykje saker dei jobbar med som ikkje er undervisning. Livsmeistringstime – har starta litt med dette, men ikkje heilt ferdig utarbeida endå.
12-2024/25	<p>Revidere dokumentet «FAU hbus forventningar til skule heim samarbeidet 20.06.2023»</p> <ul style="list-style-type: none"> • FAU fekk fullmakt av årsmøtet til å revidere dokumentet Innspel frå årsmøtet 2024: 1) <i>Skule heim samarbeid bla.a foreldrenettverk ynskjast inn som eige punkt.</i> 2) <i>Endre bruk av facebook og andre sosiale media i tråd med kommunen sine reglar.</i> Stryk punktet om at Facebook kan nyttast som uformell kanal mellom skule og heim. Lagt til punkt om foreldrenettverk/sosial kveld. Bruke tid til våren på å revidere dokumentet før neste årsmøtet, ein del gjentakingar og mindre gode formuleringar. Vart diskutert om ein skulle legge til noko om kontakt på Visma i forventningane, diskutere dette på eit seinare møte.
13-2024/25	<p>Trafikktrygging og områdeplan Hafslo sentrum</p> <ul style="list-style-type: none"> • Høyringsfristen for områdeplanen for Hafslo sentrum er 20.12. • Ikke handsaming i dette møtet. FAU diskuterer om ein skal gi høyringssvar eller ikkje. Dersom høyringssvar kan det f.eks vere aktuelt med eit ekstra møte - eller f.eks at dette møtet lagar eit mandat til ei gruppe av personar som skriv eit høyringssvar Skal opp i SU som skal sende høyringssvar – derfor må elevrådet og dei tilsette diskutere dette. FAU gir ei arbeidsgruppe mandatet. Det er andre enn oss som må

	<p>komme med løysingar, men FAU skal legge vekt på kva som er viktig for oss. Først og fremst ungane sin sikkerheit som er førsteprioritet. Eirik, Linda og Bjarni dannar arbeidsgruppa.</p> <p>FAU-representantar legg også informasjon på klassegruppene om nokon av foreldra har innspel til områdeplanen.</p>
14-2024/25	<p>Søknad om dysleksivennleg skule og orientering om det å bli ein TL-skule (Trivselsleiarskule)</p> <p>Aslaug Øydvin informerte om søknad om dysleksivennleg skule på starten av møtet. Frist 01.12. Dysleksi Norge gjer vurderinga og det er eit nålauge å komme igjennom. Får sett arbeidet skulen allereie gjer i eit system og føl med kursing av tilsette.</p> <p>Rektor informerte om at skulen har meldt seg inn i programmet Trivselsleiarskule (TL). Ser i friminutt at fleire enkeltelevar står åleine og ikkje er inkludert i leiken. Gjennom TL så får elevar kursing og ansvar for å legge til rette for inkludering av alle i leik. Skulen har allereie nytta seg av trivselsvakter på mellomsteget som har hatt ansvar for aktivitetar i frimenuttet. Gjennom TL blir dette sett meir i system, det blir tilbuddt kurs, ein ressursbank med meir. Elevrådet for ansvaret for å sette i gong og velje ut kven som skal på kurs i januar. Valgt for eit halvt år. Skrive kontrakt på 3 år. Håpar å sjå resultat på elevundersøkinga.</p> <p>Sjå meir på trivselsleder.no</p>
15-2024/25	<p>Handbok for foreldrerepresentantar</p> <ul style="list-style-type: none"> Vurdere om det trengs det endringar og ytterlegare informasjon om roller. Årsmøtevedtak frå 2024 er slik: <i>«FAU ser på innhold og reviderer denne i løpet av hausten. Klasserepresentantar oppmodast om å komme med innspel til denne»</i> Forslag: eiga sak om dette på møtet i februar 2025 Einige om at dette blir eiga sak på møtet i februar 2025
16-2024/25	<p>Instagramkontoen til skulen</p> <ul style="list-style-type: none"> Bruk av bilde og samtykke til bildebruk Har komme innspel frå foreldre knytt til skulen sin Instagramkonto. Todelt: Nokre som har samtykka utan å vite at dei då også har samtykka til deling av biletene på

	<p>Instagram. Andre som ikkje har samtykka til bilet bruk, men likevel blitt delt på Instagram.</p> <p>Også ein del foreldre som ikkje veit om at skulen har ein eigen Instagram-konto og at det tidvis kan komme personidentifiserande bilete her.</p> <p>Rektor informerer om at det er aktivitetane som skal vere i fokus, ikkje enkeltbarn, men glippar kan skje.</p> <p>FAU syns det er positivt å vise aktivitetane som skjer i skulen, men dette kan gjerast på ein måte som ikkje identifiserer borna sine ansikt og liknande.</p> <p>Undersøke om det er mogleg å oppdatere samtykke i Visma slik at det blir tydlegare at Instagram er ein del av biledelingstenesta til skulen.</p> <p>Informere foreldre om at skulen har ein Instagram-konto. Oppfordre foreldre til å gå inn og vurdere samtykke deretter.</p> <p>Når foreldre ikkje har samtykka, så skal desse barna ikkje delast på Instagram.</p> <p>Minne lærarar på at hovudfokuset skal vere på aktivitet.</p>
17-2024/25	<p>Fast sak - status på foreldrenettverksmøter og sosalkvelder</p> <p>1.klasse har hatt sosalkveld.</p> <p>2. klasse har hatt foreldrenettverk.</p> <p>8.klasse skal ha mykje dugnad og har bestemt at dette blir ein del av nettverk/sosalkveld.</p> <p>9.klasse har hatt sosalkveld</p>
18-2024/25	<p>Orienteringssak. Tilbakemelding frå Barneskulen når det gjeld organisering av matfriminuttet.</p> <p>(sjå vedlegg)</p> <p>Dele vedlegg med foreldre og få tilbakemelding frå dei, så ser me korleis me tek saka vidare ut i frå det.</p>
19-2024/25	<p>Trafikkampanje m.m</p> <ul style="list-style-type: none"> • Planlegge aktivitet og ansvarlege i FAU • Viser til referatet i møtet 10.09.2024 i sak 06. «Trafikksikker kommune: hjartesone, trafikk-kampanje» <p>Ulike forslag vart diskutert:</p> <p>Ein eigen aktivitet for mellomsteget sidan det var for 1-4 i fjor? (FAU-representantane var ikkje til stades)</p> <p>Mogleg å kople opp mot julefesten?</p> <p>Refleks til dei vaksne?</p>

	<p>FAU-drøftar dette vidare innad i eigne fora. Utfordringa er at pengane føl kalenderåret, og me går inn i ei travel tid.</p>
20-2024/25	<p>Ymse</p> <ul style="list-style-type: none"> • Innkjøp av kaffekanner Tonje har handla inn for dei resterande midlane etter fjarårets 10.klasse • Andre aktivitetar i følge årskalenderen? Vart ikkje drøfta • Informasjon frå FAU. Korleis legge til rette for det? Heimesida er no ikkje operativ. Det ligg framleis ein del gammal informasjon ute, men ikkje mogleg å legge inn oppdatert informasjon. Korleis sikre at foreldre får innsikt i informasjon frå FAU? FAU-representantane tek ansvar for å informere foreldre og spørje om dei har aktuelle saker før FAU-møter. Referat blir lagt ut på Visma fram til heimesida er operativ igjen. Eirik kontaktar ansvarleg for heimesida i kommunen og framhevar behovet for å ha ei fungerande heimeside, ikkje berre for referat, men også meir statiske dokument som Forventningar skule – heim og rolleavklaring og liknande. • Vippskontoar for trinna. Handlekorg m.m Var eit ønske til lottericupen, men denne utsett til vinteren, så ikkje diskutert på møtet.
21-2024/25	<ul style="list-style-type: none"> • Julefesten Småskulen: tysdag 10. des. Mellomtrinnet: onsdag 11. des Anne Grethe ansvar for småskulen. Eirik høyrer med Tonje og Ine om ein av dei vil vere for mellomsteget. Fint viss nokon som har hatt ansvar tidlegare er med. Diskusjon om julenissen skal komme tilbake i år, men denne gongen med reflekseler og ei klementin? Slåast saman med Trafikkampanje.